

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



ÅRSMELDING OG REKNEKAP 2007



| | |
|--|----|
| Årsmelding | 1 |
| Bygda i 2007 | 5 |
| Resultatrekneskap | 7 |
| Balanse | 8 |
| Rekneskapsprinsipp | 9 |
| Notar | 10 |
| Kontantstrømoppstilling | 20 |
| Meldingar | 21 |
| Tillitsvalde | 22 |
| Presentasjon av Mølster Installasjon AS | 23 |



Årsmelding 2007

Banken sitt 109. rekneskapsår

Bankåret

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har gleda av å kunna leggja fram ein rekneskap for 2007, banken sitt 109. rekneskapsår, som viser tilfredsstillande tal. Innteninga på ordinær bankdrift er god, banken gjev utbytte til aksjonæra sine og resultatet styrker banken sin eigenkapital.

Norsk økonomi er framleis inne i ein oppgangskonjunktur med over 4 prosent vekst. Arbeidsløysa har gått ned, og sysselsettingsveksten vert over 3,5 prosent. Varekonsumet har halde seg på eit høgt nivå. Mange bransjar manglar arbeidskraft, og arbeidsinnvandringa har passert 100.000. Dette har ført til auka lønsvekst. Prispresset vert mykje halde nede ved importauke frå Kina og andre asiatiske land. Målet til Noregs Bank er at prisveksten ikkje skal overstige 2,5 prosent over tid. For 2007 er den venta å verta 1,5 prosent.

Noregs Bank sette opp styringsrenta sju gonger med totalt 1,75 prosentpoeng i 2007, frå 3,50 til 5,25 prosent. Dette gjev grunn til å tru at eigedomsprisane vil flate noko ut, og at veksten i låneetterspurnaden vil verta noko redusert. Til neste år forventar økonomane at styringsrenta ikkje vil endra seg vesentleg frå dagens nivå, kanskje berre opp med 0,25 prosent.

2007 vart eit turbulent finansår. Oslo Børs svinga mykje i takt med dei andre børsane i verda, men slutta med 11 prosent opp. For neste år er investora meir usikre med sine tilrådingar i aksjemarknaden. Utsiktene for den globale veksten er positiv om noko ned frå det høge nivået vi har i dag, og innteninga til ulike verksemdar vil venteleg vera god. Utviklinga i oljepriksane har historisk innverka sterkt på kursutviklinga til Oslo Børs. Dei fleste

analytikarane har tru på at oljeprisen skal halda seg på eit høgt nivå.

Makroøkonomar flest trur konjunkturane internasjonalt vil halda fram å styrka seg, men med noko lågare veksttakt. Utviklinga i Kina og dei globale vekstmarknadene vil vera noko av drivkraftene. Det er venta at veksten i norsk økonomi vil halda fram neste år, om på eit litt lågare nivå.

Vekselbanken i 2007

Driftsresultatet til banken for 2007 er godt. Den ordinære bankdrifta går bra. Resultat før skatt er om lag 1,4 mill. kr betre enn året før. Grunna store skattefrie vinstar på verdipapir i 2006, vert resultat etter skatt i 2007 om lag 1,1 mill. kr svakare, då det ikkje er vinst på verdipapir dette året. Styret stadfester at grunnlaget for vidare drift er til stades, og rekneskapen er gjort opp under denne føresetnaden.

Likviditeten til banken har vore tilfredsstillande. Banken er nøgd med at det er ein positiv tilgang på innskotsmidlar frå bygda. Styret i banken har heilt medvite freista å tilgodesjå kundane med gode vilkår på innskot.

Gjennom året har det vore stor aktivitet i banken i Vangsgata og i Haugegaten. Banken satsar også aktivt på at private og bedrifter skal kunna utføra betalingstransaksjonar via internettportalen. Interesse frå kundane er stor for denne tenesta som er tilgjengeleg heile døgeret. Talet på nett-transaksjonar aukar stadig. Kundane sin kortbruk i butikk-terminalar og minibankar er og aukande.

Banken er godt nøgd med at innskota til banken har auka, då egne innskot er vurdert som den billigaste måten over tid å finansiera utlånsverksemd på. Innskotsutviklinga til

banken er difor viktig for den daglege innteninga. Dermed er banken i stand til å tilby kundane gunstige vilkår på banktenester, og vi har med glede konstatert ein auka tilgang på nye kundar i 2007.

Banken sin eigenkapital er styrka frå 194,7 til 210,3 mill. kr i 2007. Eigenkapitaldekninga er på 15,31 prosent ved årsskiftet, godt over det lovmessige kravet. Det er viktig at banken aukar eigenkapitalen årleg. Dermed kan banken også auka det totale engasjementet overfor kundane sine, og halda tritt med trongen for nye investeringar. Sjå note 19.

Banken sin samla rådveldekapital har auka med 10,92 prosent i 2007. Aukninga kjem av innskotsauke og banken sitt overskot på drifta. Banken har for tida ikkje konkrete planar om aktivt å tilby tenester utanfor Voss med omland.

Resultatrekneskapan

Banken har netto rente- og kredittprovisjonsinntekter på 58,4 mill. kr, mot 51,2 mill. kr året før. Rentenettoen tilsvarer 2,69 prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 2,73 prosent året før.

Banken sine renteinntekter er 121,9 mill. kr. i 2007. Dette er 5,62 prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital. Renteutgiftene er 63,4 mill. kr, som er 2,92 prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital. Banken har endra dei generelle rentevilkåra seks gonger i 2007.

Provisjonsinntektene til banken er på 5,9 mill. kr. Desse inntektene er om lag berre halvdel av gjennomsnittet for norske forretningsbankar. Det skuldast at banken ikkje har gebyr på girotenester. Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir er bokført med eit tap på 0,5 mill. kr,

mot ein vinst på 4,7 mill. kr i fjor. Andre driftsinntekter utgjør 0,7 mill. kr i 2007. Dei samla driftskostnadene til banken viser ein auke på 0,5 mill. kr samanlikna med året før.

Årsoverskotet

Årsoverskotet for 2007 er kr 21.369.533,- etter skattekostnad kr 7.683.442,-.

Styret rår til at overskotet vert nytta slik:

| | |
|---------------------------------|---------------|
| Utbytte for 2007 (62 kr) | kr 5.890.000 |
| Overført til annan eigenkapital | kr 15.479.533 |
| Sum overføring og disposisjonar | kr 21.369.533 |

Utlån

Bedriftskundar vert klassifiserte etter inntening, eigenkapital og verdi av deponert trygd. Privatkundar vert klassifiserte etter inntening og verdi på deponert trygd. Retningslinjer for kredittgjeving krev at risiko skal prisa. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko.

Dei samla utlåna til banken i 2007 har auka med 210 mill. kr, eller 11,87 prosent. Året har vore prega av stor konkurranse på utlånsmarknaden. 127,5 mill. kr av utlånsauken er finansiert i pengemarknaden.

Samla volum på kassakreditt og brukskontokreditt har auka med 17 mill. kr. Byggelåna har auka med 17 mill. kr frå ifjor. Volumet på nybygg, rehabilitering, påbygg og generell omvøla av bygningar held seg stabilt på om lag same nivå som tidlegare.

Nedbetalingslåna har auka med 176 mill. kr. Låna fordeler seg med om lag 73 prosent på privatkundemarknaden og 27 prosent på næringsverksemdar. Sjå note 9.

Nedskrivingar på utlån

Banken har pr. 31.12.07 bokført netto tap på utlån og garantiar med 2,4 mill. kr. Konstaterte tap i 2007 er bokført med 5,7 mill. kr, mot 1,2 mill. kr året før. Dei gruppevis nedskrivningane er vurderte som tilstrekkelege.

Nedskriving for tap vert vurdert når eit engasjement er misleghalde i 90 dagar ved manglande innbetaling. Når det gjeld tap på utlån og garantiar og banken sine tapsnedskrivingar, viser vi til note 6.

I 2007 har banken halde fram arbeidet med å redusera tapa. Banken har gjennom året medverka til nyinvesteringar og auka aktivitet i bygda ved tildeling av nye lån. Dette kan påføra vår bank nye tap på utlån. Likevel forventar banken ikkje noko høgare tapsnivå for 2008 enn året før. Styret vurderer banken sine nedskrivingar som tilfredsstillande ut i frå den risiko som ligg i engasjementa.

Innskot

Samla innskot frå kundar auka i 2007 med 147 mill. kr til 1.588 mill. kr, eller med 10,18 prosent. Auken i 2006 var 12,20 prosent.

Inneståande på folio-, spare- og skattetrekkskonti er 296 mill. kr, ein auke på 43 mill. kr. Innskot på høgrentekonti er på 118 mill. kr, ein reduksjon på 8 mill. kr. På vekstkonti er det inneståande 297 mill. kr, ein reduksjon på 21 mill. kr. Særvilkår har hatt ein auke på 114 mill. kr, med totalt inneståande 605 mill. kr. Når det gjeld Bustadsparing med Skattefrådrag for Ungdom er det teikna totalt 24 mill. kr, ein auke på 1 mill. kr. Løns- og honnørkonti har ein reduksjon på 14 mill. kr, med totalt inneståande 216 mill. kr.

Vekselbanken har eit godt rentetilbod til kundane sine. Banken ser det som ynskjeleg at dei generelle tilhøva for sparing i bank vert betra. Vi er glade for at innskotskundane har slutta opp om banken, og vi ser fram til vidare framgang i 2008. Sjå elles note 15.

Verdipapir

Banken sin handelsportefølje av obligasjonar er bokført til marknadsverdi 2,5 mill. kr. Banken si beholdning av obligasjonar klassifisert som anleggsmiddel, er bokført til 92,1 mill. kr. Ved ei generell renteendring på 1 prosent vil handelsporteføljen sin verdi verta endra med 0,3 mill. kr. Banken har

gjennom året redusert porteføljen av sertifikat og obligasjonar med 1,1 mill. kr. Sjå note 11.

Banken har auka si eksponering i aksjar med 0,8 mill. kr i 2007. Omlag 2,5 mill. kr er plassert i grunnfondsbevis, og 0,4 mill. kr er investert på hovudlista, 4,8 mill. kr er investert i aksjefond og 3,9 mill. kr er investert på den unoterte lista. Anleggsaksjar utgjør 13,3 mill. kr. Sjå note 12 til rekneskapen.

Garantiar

Banken har ved årsskiftet eit samla garantiansvar på 48,0 mill. kr. Garantiar fordelt etter garantitype er spesifisert under note 20.

Risikostyring

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for risikostyring, og fastsett rammer for risikoeksponering. Vedteken risikoprofil er moderat. Endringar på verdien av samla renteberande plasseringar må haldast innanfor to prosent av den samla porteføljen ved ei endring på ein prosent i det generelle rentenivået. Alle verdipapirplasseringar vert rapporterte og gjennomgått på styremøta.

Finansiell risiko

Styret har vedteke ein låg/moderat risikoprofil for banken sin finansielle risiko. Hovudtype av finansiell risiko ligg i ei renteendring vedkomande banken sin obligasjonsportefølje og vesentleg kursnedgang på Oslo Børs. Sjå note 21 til rekneskapen.

Kredittrisiko

Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat. Overvakinga skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølging av kundane, og utvikling av verdien på banken si trygd.

Næringslivsengasjement vert systematisk risikoklassifisert etter mottak av rekneskap. Banken nyttar ein modell der hovudvekta vert lagt på kunden sin rekneskap, eigenkapital og verdi av deponert trygd. Privatengasjement vert vurdert etter gjeldsgrad i høve til samla inntekt og verdi av deponert trygd.

Likviditetsrisiko

Banken sin likviditetsrisiko er låg. For tida utgjer innskota 80 prosent av brutto utlån. Banken har ikkje fast rente som standardvilkår, korkje på innskot eller utlån. Banken sine verdipapirplasseringar er i det alt vesentlege vurdert som likvide og lett omsettelege.

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er berre knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjer omlag 1,0 mill. kr.

Eigarstyring og selskapsleiing

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA sitt formål går klart fram i banken sine **vedtekter**.

Banken kan innanfor ramma av den lovgjeving som gjeld til kvar tid, utføre alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører. Banken sitt mål er å fortsetja å vera ein sjølvstendig, frittstående og velsedd forretningsbank med hovudsete på Voss.

Dei sentrale organa i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er generalforsamlinga, representantskapet, styret og kontrollnemnda.

Generalforsamlinga er banken si øvste myndigheit. På møtet vert banken sitt årsrekneskap, herunder disponering av årsoverskot fastsett. Mellom aksjonærane i banken, vert det vald 11 medlemmer og 6 varamedlemmer til representantskapet, 3 medlemmer og 2 varamedlemmer til kontrollnemnda og det vert vald ei valnemd med 3 medlemmer, som førebur vala til neste ordinære generalforsamling.

I **representantskapet** er det 15 medlemmer, 11 er aksjonærvalde og 4 er valde mellom dei tilsette i banken. Representantskapet fastset retningslinjer for bankverksemda, vel medlem og varamedlem til styret, vel revisor, vel valnemd, gjer vedtak om skiping/nedlegging av filial og avdelingskontor, fastset utbytte og godtgjersle til banken sine tillitsmenn, revisor og banksjef.

Styret er på 5 medlemmer valde av representantskapet. Styret står for forvaltninga av banken og tek avgjer i dei einskilde kredittsakene. Det skal syta for tilfredsstillande organisering av verksemda til banken og herunder sjå til at bokføring og formuesforvaltning er trygt kontrollert. Instruks for styrearbeidet er vedteke, likeins årleg strategidokument med måltal, retningslinjer for internkontroll, utlånsinstruks, plasseringsinstruks for verdipapir kjøpt for banken si rekning – for å nemna dei mest sentrale.


Styremedlemene er uavhengig i forhold til banken si leiing og storleiken på deira engasjement er ikkje vesentleg for banken. Styret får ikkje godtgjersle utover godkjend honorar. Honorara er ikkje resultatavhengig. Banken har ikkje noka opsjonsordning.

Kontrollnemnda har 3 medlemmer valde av generalforsamlinga. Nemnda skal føra tilsyn med bankverksemda og m.a. sjå til at ho er i samsvar med lov, vedtekter og retningslinjer vedteke av representantskapet. Representantskapet vedtek instruks for nemnda sitt arbeid.


Revisor skal følgja dei instruksane og påleggja som representantskapet måtte gje for så vidt dei ikkje strider mot føresegner gjeve i lov eller i samsvar med lov eller mot vedtektene i banken eller god revisjonsskikk. Revisor gjev sine merknader og meldingar gjennom kontrollnemnda til representantskapet. Revisor har årleg gjennomgang med styret og kontrollnemnda om banken sitt interne kontrollarbeid. Revisor har årleg møte med styret utan at banksjef er til stades.

Banksjefen har den daglege leiinga av bankverksemda i samsvar med lovgjeving, vedtekter og dei retningslinjer og pålegg som representantskapet og styret gjev. Han har fullmakt til å avgjera alle vanlege bankforretningar, etter retningslinjer som styret dreg opp. Han skal førebu alle styresaker og pliktar å retta seg etter dei vedtak styret har gjort og konfererer med styret i viktige saker. Instruks for banksjef vert fastsett av generalforsamlinga.


UTVIKLING ÅRSRESULTAT




INNSKOTSUTVIKLING



UTLÅNSUTVIKLING



UTVIKLING I RÅDVELDEKAPITAL



Eigenkapital

Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. For å kunna auka eigenkapitalen i takt med generell auke i verksemda, vil det vera naudsynt å nytta fleire kjelder. Eigenkapitalen skal styrkjast ved kapitalopplegg over drifta. Gjennom ein tilfredsstillande utbyttepolitikk skal tilhøva leggjast til rette for å auka eigenkapitalen gjennom nyteikningar. Opptak av ansvarleg lånekapital kan vera ei supplerande kjelde. Transaksjonar med tillitsvalde, tilsette og deira nærstående, vert ført via børs eller til siste kjende børskurs. Styret får melding om desse transaksjonane.

Etikk

Banken har utarbeidd detaljerte etiske retningslinjer. Høg etisk standard er vurdert som viktig for banken sitt omdømme.

Informasjon og kommunikasjon

På banken si internettside vert det publisert finansiell informasjon som finanskalendar, kvartals- og årsrekneskap og annan relevant informasjon til aksjonærar, kundar og andre interesserte.

Ekspedisjonskontoret

7. november 2007 kunne kontoret, som ligg i Amfi kjøpesenter i Haugamoen, feira 5 årsdag. Kjøpesenteret er på 7.500 m² og har 28 butikkar av ymse slag. Kontoret tilbyr alle vanlege banktenester. Nattsafe og minibank er tilgjengeleg heile døgeret. Kontoret har hatt ei positiv utvikling med god kundetilstrøyming.

Personalet

Ved utgangen av 2007 hadde banken 18 tilsette på heiltid og 7 på deltid. Banken har 22,8 årsverk. Samla lønsutgifter i 2007 utgjorde 9,9 mill. kr. Sjå note 4.

Pensjonsordninga

Utrekning av pensjonskostnader og forplikningar etter Norsk Rekneskapsstandard er føreteke av aktuar. Gjennom medlemskap i Finansnæringens Arbeidsgiverforening pliktar Vekselbanken å tilby avtalefesta førtidspensjon (AFP) til tilsette i banken frå fylte 62 år.

Den kollektive pensjonsordninga omfattar 26 aktive medlemmer. Dei årlege pensjonsutbetalingane vert G-regulert. Ordninga stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Sjå note 14.

Arbeidsmiljøet

I 2007 har banken halde fram med å betra arbeidsmiljøet. Det er lagt vekt på at arbeidsplassar, arbeidslokala, maskinanlegg og miljøet elles skal vera så tenleg og triveleg som mogeleg for dei tilsette og for kundane våre. Det har ikkje vore registrert skader på personar eller materiell. Sjukefråværet har gjennom året vore 5,5 prosent av den totale arbeidstida i banken.

Likestilling

Hovudavtalen mellom Finansnæringens Arbeidsgiverforening og Finansforbundet har eit eige kapittel der likestilling vert omtala. Banken er bunden av denne avtalen og fylgjer den. Banken praktiserer at alle tilset-

te skal ha dei same moglegheitene for personleg og fagleg utvikling. Banken har 19 kvinner og 6 menn tilsett.

Tryggingstiltak

Det har også i 2007 vore gjort investeringar for å betra tryggingssystemet i banken. Tryggingstiltaka og -rutinane er vurdert som gode. Banken si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Utsiktene for år 2008

I banken sitt marknadsområde forventar vi god aktivitet innan byggesektoren og stabil aktivitet i dei andre sektorane. Den tradisjonelle bankdrifta vil truleg utvikla seg på linje med fjoråret. Banken sine finansinntekter vert påverka generelt av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar ein moderat renteauke til neste år, kanskje berre 0,25 prosentpoeng. I aksjemarknaden er banken si eksponering låg. For året under eitt forventar vi ein svak nedgang.

Banken kjenner ikkje til faktorar etter rekneskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av banken si stilling.

Avslutning

Styret nyttar høvet til å takka alle kundar og aksjonærar for godt og hyggeleg samband i 2007. Styret takkar òg alle tillitsvalde for deira innsats for banken, og ikkje minst dei tilsette i banken for god innsats og godt samarbeid i 2007.

Voss, 29. januar 2008

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Lars I. Kvalekval
Styreformann


Anders Ullestad


Åse Karin Tennebekk


Jorunn Lødemel


Norvald Fretheim

.....
Jan Arveschoug
Banksjef

Bygda i 2007

Skisesongen starta bra for Voss Fjellheisar og Voss Fjellandsby i Myrkdalen. Nytt av året i Bavallen var opning av etterlengta ekspressheis til 37 millionar, som mangedobla kapasiteten. Kunstsno sikrar drifta. I Myrkdalen er snøtilhøva særst gode med 1 til 2 meter natursnø. I sommar opna ny varmestove med hotell- og kursfasilitetar. Sesongen var god for begge anlegga med over 25 prosent fleire gjester i Bavallen enn året før, og ei dobling i Myrkdalen. I begge områda er det framleis god etterspurnad etter hytter.

I Skutle-/Herresåsen har Voss Ski- og Tursenter AS eit 20 millionar internasjonalt skianlegg for nordiske greiner under utbygging. Det er idrettslag i bygda som står bak. Eit av siktemåla er med tida å stå som arrangør av NM. Nokre løyper skal asfalterast. Slik vert tilhøva lagt til rette for mosjon, toppidrett og naturopplevingar heile året. I området er det også planlagt utbygging av 200 hytter.

Kari Traa har slutta aktivt med skifreestyle, men rekrutteringa til sporten er god og fleire unge talent er i god utvikling. Kari Traa sikra seg likevel andre plass i NM kulekøyring i Hemsedal, medan vossingen Audun Hammersland vart NM-meister i kulekøyring. Vinjar Slåtten og Nina Høyland vann NM-gull i juniorklassen. Knut Lemme fekk sylv, medan Espen Rasmussen og Ingvild Hårklau fekk bronse.

Det vart arrangert worldcup i freestyle på Voss, men utan lokale medaljørar.

På alpinsida glimta Anders Øvsthus til med gull i jr-NM i super-G konkurransen.

Jori Mørkve og systrene Anne og Ingrid Mørkve seglar opp som dei nye arvtakarene på damesida i skiskyting. Jori fekk 1. plass i NM 10 km jaktstart og Jori, Anne og Liv Kjersti

Eikeland utgjorde stafettlaget for Hordaland, som sikra seg sylv i Noregsmeisterskapen. IVM i Anterselva i Italia fekk Jori Mørkve to tredje plassar, på 4 x 6 km stafett og mixed stafett. På kort varsel arrangerte Eldar jr-NM i skiskyting i Årmotslia. Josef Flatlandsmo og Thomas Fenne fekk sylv og bronse, slikt er kjekt på heimebane. Sjur Røthe fekk bronse i jr-VM i langrenn på den dobbelte jaktstarten i italienske Tarvisio.

Edvard Hegbom tok sitt femte NM gull i squash. Borstrondi Skyttarlag har ein stadig skyttar i Arne Knudsen. To gull og to sylv i NM i benkeskyting. Voss skyttarlag har og grunn til å vera nøgd med Hilde Skutle, som sikra seg sylv i felten på landskyttarstemna. Same dag vart ho også noregsmeister i banekonkurransen. Kristen Skjeldal er framleis sprek, og tok NM-sylv i motbakkeløp i Fanaråken opp.

Vi gratulerer alle med gode prestasjonar, og er stolte av bygda Voss som fostrar så mange dyktige utøvarar i ulike greiner. Vi vonar vår støtte til dei mange laga i kommunen vil vera med på å styrka rekrutteringa, samt sikra gode resultat også i framtida.

Norsk Designråd har delt ut merket for God Design til Kari Traa. "Kleprofilen kombinerer feminin, sporty galskap og humor med tradisjonsrik vossakultur." Lokalavisa "Hordaland" fekk både sylv og bronse under utdelinga av Årets Mediepriser. Merete Bø har god greie på vin, og sikra seg sylv i NM for vinkelnar. Oppfinnar Stig Ove Bjørgum fekk tildelt Voss kommune sin bedriftspris. Han har utvikla ulike maskiner og utstyr til ei rekkje verksemder. Musikkipedagog Rudolf Zwartjes vart tildelt kommunen sin kulturpris. Det er 45 år sidan denne hollendaren starta Voss kulturskule.

Ole Bull Akademiet sin pensjonerte rektor Jostein Mæland fekk tildelt

Kongens fortanestemedalje i gull for sin innsats innanfor den frivillige lag- og kultursektoren, og då særleg i høve til folkemusikk og folkedans. Anna Sylte Hamre vart for sin innsats for Granvin og kyrkja heidra med Kongens fortanestemedalje i sylv.

2007 har vore eit godt år for mange verksemder i bygda. Byggeaktiviteten på Tvildemoen held fram. På Palmafossen er Norgesgruppen komen i gong med bygging av eit 5.500 m² stort varehus til daglegvare, byggevarer og elektro/kvitevarer. På sikt vert her også nye leiligheiter.

På Palmafossen og i sandtaket i Bjørkemoen har Voss Cementvarefabrikk L/L gjort store investeringar og teke eit lyft for framtida. Nytt steinknuseanlegg, nytt mobilt betongblandeverk, ny butikk, lager og fabrikkhall for produksjon av betongelement.

I Modalen har kommunen investert 40 millionar i eit nytt kulturhus på 1.500 m² som inneheld bowlinghall, bibliotek, treningssenter, symjebasseng og fleirbrukshall. Her er det sitjeplassar til alle som bur i kommunen, og vel så det!

Overnattingsverksemdene i bygda har hatt eit godt år. Cruiseraffikken og tilstrøyminga av turistar til Flåm og Gudvangen aukar, samstundes som passasjertala på Flåmsbana set nye rekordar. Positive ringverknader vert det for transportselskapa, guidar og andre næringsdrivande. Politakarane i Voss har akseptert inntil 100 prosent utseksjonering av hotellrom til fritidshusvære utanom sentrum. Dette vert eit viktig verkemiddel for næringa si finansiering av den framtidige drifta.

I trua på Voss som eit salsprodukt, har Svein Erik "Rimi" Hagen sitt familieselskap Canica teikna seg som 50 prosentegiar i det nye selskapet Destinasjon Voss AS. Siktemålet er

å samordna og vidareutvikla alle dei spanande aktivitetane i bygda. Det er viktig med solid kapital og kompetanse når nye prosjekt skal lanserast.

Voss er også kjend for sine mange festivalar. Først ut var Vossa Jazz, som vart velukka gjennomført. Det er semje om at festivalen set Voss på kartet både i norsk og internasjonal samanheng. Det lokale næringslivet er ein viktig støttespelar.

"Ekstremспортveko" i juni er eit av dei største arrangementa i verda innanfor si grein, med 1.250 deltakarar frå 30 nasjonar. Svært god reklame for bygda. Veko fekk tildelt prisen "Årets sponsorobjekt" frå Sponsor og Eventforeningen samt Innovasjon Norge sin reiselivspris for god og gjennomtenkt mediaprofil, og for å ha greidd å byggja opp ei tydeleg merkevare som eit senter

for aktiv fritid. Posten understrekar Voss si rolle som base for ekstremспорт ved at ein fallskjermhoppar i fritt fall over bygda vert eit av deira nye frimerke.

Voss Cup i fotball, med omlag 620 lag og 10.000 tilreisande, vart på ny ein stor suksess. Dette er landets største cup for dei yngste fotballspelarane. 900 frivillige er med på å arrangera denne fotballfesten med 1.250 kampar og 7.000 spelarar.

I september vart det arrangert Roots & Blues festival. I byrjinga av oktober vart den årlege smalahovefestivalen arrangert. Seinare i månaden var det den årlege Osafestivalen. Arrangementet strekker seg over fire dagar med eit svært variert program, frå det tradisjonelle folkemusikalske med hallingkast til ekstremспорт med trampolineshow, til Grieg og til fransk kammermusikk.

Nytt av året var "400meterkunst" i Vangsgata, med arbeid frå 73 ulike kunstnarar frå heile landet. Vossameny og Vestnorsk Kulturakademi lanserte sin første Voss Kulturelle Matfestival i slutten av november i husa på Tvildemoen.

Jernbane er i tida. Det er ynskjeleg å satsa betydelege beløp framover på "Nye Vossebana". Timesavgangar, moderne tog og ned mot 50 minutter reisetid til Bergen, skal gjera Voss endå meir attraktiv som bukommune.



RESULTATREKNESKAP

| Alle tal i NOK 1 000. | Note | 2007 | 2006 |
|---|------|---------------|---------|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 1 | 121 854 | 81 561 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 1 | 63 429 | 30 314 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | | 58 425 | 51 247 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | | 1 313 | 1 079 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 2 | 5 890 | 5 686 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | | - 2 297 | - 2 519 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | 3 | - 524 | 4 727 |
| Andre driftsinntekter | | 712 | 839 |
| Sum andre inntekter | | 5 094 | 9 812 |
| Sum netto inntekter | | 63 519 | 61 059 |
| Løn og generelle administrasjonskostnader | 4 | 26 454 | 24 929 |
| Ordinære avskrivningar | 13 | 1 210 | 2 006 |
| Andre driftskostnader | 5 | 4 355 | 4 563 |
| Sum kostnader | | 32 019 | 31 498 |
| Resultat før tap | | 31 500 | 29 561 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | 6 | 2 447 | 1 951 |
| Sum tap på utlån og garantiar | | 2 447 | 1 951 |
| Resultat før skatt | | 29 053 | 27 610 |
| Skatt på ordinært resultat | 7 | 7 683 | 5 178 |
| Resultat for rekneskapsåret | | 21 370 | 22 432 |
| Disponering av overskot: | | | |
| Utbytte på aksjar | | 5 890 | 6 175 |
| Overført til annan egenkapital | | 15 480 | 16 257 |
| Sum disponert | | 21 370 | 22 432 |

BALANSE

Alle tal i NOK 1 000.

| | Note | 31.12.07 | 31.12.06 |
|---|------|------------------|------------------|
| EIGNELUTAR | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | | 126 988 | 114 024 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 8 | 41 229 | 49 377 |
| Utlån til og fordringar på kundar | 9 | 1 980 038 | 1 769 954 |
| - Nedskrivningar på individuelle utlån | 9 | - 30 174 | - 25 643 |
| - Nedskrivningar på grupper av utlån | 9 | - 10 506 | - 18 006 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | | 1 939 358 | 1 726 305 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 11 | 94 643 | 95 707 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 12 | 24 968 | 24 127 |
| Utsett skattefordel | 7 | 882 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 13 | 1 663 | 3 333 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 14 | 12 695 | 8 868 |
| SUM EIGNELUTAR | | 2 242 426 | 2 021 741 |
| GJELD OG EIGENKAPITAL | | | |
| GJELD | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 15 | 5 000 | 75 000 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 15 | 1 587 790 | 1 441 109 |
| Gjeld ved utskrivning av verdipapir | 15 | 377 500 | 250 000 |
| Anna gjeld | | 26 594 | 25 245 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | | 5 674 | 6 386 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 16 | 4 516 | 4 325 |
| Ansvarleg lånekapital | 17 | 25 000 | 25 000 |
| Sum gjeld | | 2 032 074 | 1 827 065 |
| EIGENKAPITAL | | | |
| <i>Innskoten eigenkapital</i> | | | |
| Aksjekapital (95 000 aksjar à kr. 100,-) | 18 | 9 500 | 9 500 |
| - Eigne aksjar | | - 6 | - 15 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 9 494 | 9 485 |
| <i>Opptent eigenkapital</i> | | | |
| Annan eigenkapital | 18 | 200 858 | 185 191 |
| Sum opptent eigenkapital | | 200 858 | 185 191 |
| Sum eigenkapital | 18 | 210 352 | 194 676 |
| SUM GJELD OG EIGENKAPITAL | | 2 242 426 | 2 021 741 |
| Garantiar | 20 | 48 055 | 32 971 |
| Pantsetjingar | | 0 | 0 |

Voss, 29. januar 2008

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Lars I. Kvarekval
Styreformann



Anders Ullestad



Åse Karin Tennebekk



Jorunn Lødemel



Norvald Fretheim

.....
Jan Arveschoug
Banksjef

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sitt årsoppgjer er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover og føresegner for bankar og med god rekneskapsskikk.

Periodiseringar

Renter, provisjonar, gebyr og aksjeutbytte

Renter og provisjonar vert inntektsført etter kvart som dei vert opp-tente. Etableringsgebyr som vert belasta kunden ved låneoptak, vert inntektsført fullt ut i etableringsåret, då dei berre dekkjer kostnadane knytta til låne-etableringa.

Inntekter og kostnader

Forskotsbetalte inntekter og påløpne kostnader av noko omfang, vert periodisert og registrert som gjeld. Opptente inntekter vert inntektsført og registrert som fordring. Forskotsbetalte kostnader av noko omfang vert balanseført.

Utlån, misleghald og tap på utlån og garantiar

Utlån er vurdert til nominell verdi, med unnatak av engasjement som har vore gjenstand for nedskrivningar. Etter ny utlånsføresegn skal det føretakast individuelle tapsnedskrivningar der det føreligg objektive indikasjonar på at ein tapssituasjon har oppstått. Engasjementet vert då verdsett til verdien av framtidige nedskrivningar.

Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Misleghald av eit engasjement føreligg når engasjementet ikkje vert betalt i samsvar med låneavtalen, og det er gått meir enn 90 dagar sidan avtalt forfall, eller når det samanhangande har vore overtrekt i 90 dagar. Kortvarig betalingsutsetjing vert ikkje sett på som misleghald. Andre tapsutsette engasjement er definert som engasjement der det ikkje føreligg misleghald, men der kunden si økonomiske stilling medfører at tap må påreknast.

Lån med endringsavtale

Lån med endringsavtale føreligg der rentevilkåra er vesentleg lågare enn ordinære rentevilkår. Banken sin portefølje av lån med endringsavtalar er ikkje vesentleg i høve til samla utlån, og neddiskontering til noverdi er ikkje føreteke.

Konstaterte tap

Som konstaterte tap vert rekna alle tap som er fastsett gjennom konkurs, ved stadfesta akkord, eller der kravet etter nærare vurdering vert rekna som uopnåeleg.

Individuelle nedskrivningar

Tapsutsette lån vert vurderte kontinuerleg med omsyn til behovet for individuelle nedskrivningar. Ved vurdering av storleiken på nedskrivninga vert det teke omsyn til kunden sin økonomi, verdi av trygd, samt tiltak iverksett overfor kunden. Individuelle nedskrivningar relatert til utlån vert registrerte som reduksjon på brutto utlån. Eventuelle nedskrivningar på garantiar vert registrerte som eigen post under "Avsetjing for påløpne kostnader og forpliktingar".

Nedskrivning på grupper av utlån

Banken sine tidligare uspesifiserte tapsavsetjingar er erstatta med nedskrivningar på grupper av utlån. Utlånsporteføljen er inndelt i grupper med tilnærma lik risiko, og verdien i gruppene vert skriven ned basert på ulike objektive indikasjonar på at tap kan skje etter at låna er innvilga. Nedskrivninga vert registrert som reduksjon på brutto utlån.

Verdipapir

Verdipapirporteføljen vert inndelt i:
- handelsportefølje
- anleggsportefølje

Handelsporteføljen

Aksjar, grunnfondsbevis, andelar i aksjefond og obligasjonar kjøpt med føremål om at dei skal seljast att og som er omsett i ein aktiv og likvid marknad er klassifisert som handelsportefølje. Handelsporteføljen er verdsett til marknadsverdi på balansedagen.



Anleggsporteføljen

Aksjar som er bestemt for varig eige er klassifisert som anleggsaksjar. Anleggsaksjar er vurdert til kostpris. Dersom aksjen sin verkelege verdi er lågare enn bokført verdi, og verdinedgangen ikkje er av mellombels karakter, er anleggsaksjen skriven ned til verkeleg verdi.

Anleggsobligasjonane er vurderte til kostpris. Overkurs eller underkurs av noko omfang vert periodisert lineært i resterande løpetid.

Bygningar, maskiner og utstyr

Fast eigedom og varige driftsmidlar er registrert i balansen til kostpris etter frådrag for akkumulerte av- og nedskrivningar. Driftsmidlar som skal avskrivast vert avskrive lineært i den økonomisk levetida, etter fylgjande satsar:

| | |
|--------------------|-----|
| Bygningar | 5% |
| Maskiner, inventar | 20% |
| Edb-utstyr | 30% |

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar

Pensjonsordninga vert handsama i samsvar med Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader. I samsvar med standarden vert pensjonsordninga handsama som ein ytelsesplan. Pensjonskostnad be-

står av noverdi av pensjonsopptening i året, rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktning, forventet avkastning av pensjonsmidlane og resultatført estimatavvik. Pensjonskostnadane er registrert under "Løn og generelle administrasjonskostnader".

Overfinansiering av pensjonsforpliktninga er registrert under posten "Opptente ikkje betalte inntekter og forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader". Underfinansiert pensjonsforpliktning er registrert under posten "Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktningar".

Ved rekneskapsavsluttinga vert estimerte verdiar nytta ved verdsetjing

av pensjonsmidlane og ved måling av påløpne forpliktingar. Desse estimata vert korrigerde kvart år i samsvar med oppgave frå aktuar over utrekna verdi av pensjonsmidlane og aktuarmessige berekningar av storleiken på forpliktinga. Verknaden av estimatendringar vert resultatført årleg.

Utanlandsk valuta

Behaldning av utanlandsk valuta er verdsett etter midtkurs på Oslo Børs på balansedagen.

Skatt

Utsett skatt vert utrekna på grunnlag av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skatte-

messige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekning vert nominell skattesats nytta. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader innan same tidsintervall vert vurdert mot kvarandre. Utsett skattefordel oppstår dersom ein har mellombelse skilnader som gjev opphav til skattemessig frådrag i framtida.

Årets skattekostnad består av endringar i utsett skatt, årets betalbare skatt korrigert for "for lite / for mykje" avsett tidlegare år.

Gjeld

All gjeld vert bokført til nominell verdi.

NOTAR TIL REKNESKAPEN

Alle tal i NOK 1 000

Note 1 Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

| | 2007 | 2006 |
|---|----------------|---------------|
| Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 6 968 | 3 341 |
| Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar | 105 478 | 72 417 |
| Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir | 9 408 | 5 803 |
| Sum renteinntekter og liknande inntekter | 121 854 | 81 561 |
| Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar | 2 696 | 3 241 |
| Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar | 42 314 | 20 559 |
| Renter og liknande kostnader på utstedte verdipapir | 16 956 | 5 503 |
| Renter og liknande kostnader på ansvarleg lånekapital | 1 463 | 1 011 |
| Andre rentekostnader og liknande kostnader | 0 | 0 |
| Sum rentekostnader og liknande kostnader | 63 429 | 30 314 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | 58 425 | 51 247 |

Note 2 Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

| | 2007 | 2006 |
|--|--------------|--------------|
| Garantiprovisjon | 410 | 318 |
| Andre gebyr- og provisjonsinntekter | 5 480 | 5 368 |
| Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 5 890 | 5 686 |

Note 3 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar

| | 2007 | 2006 |
|--|--------------|--------------|
| Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir | - 1 241 | 577 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning | 512 | 3 800 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta | 205 | 350 |
| Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | - 524 | 4 727 |

Note 4 Løn og generelle administrasjonskostnader

| | 2007 | 2006 |
|--|---------------|---------------|
| Løn | 9 905 | 9 835 |
| Pensjonar | 2 320 | 1 080 |
| Sosiale kostnader | 2 727 | 2 544 |
| Administrasjonskostnader | 11 502 | 11 470 |
| Sum løn og generelle administrasjonskostnader | 26 454 | 24 929 |

| | Banksjef | Styret | Repr. skap | Kontr.nemnd |
|------------------|----------|--------|------------|-------------|
| Løn og honorar | 1 046 | 275 | 47 | 54 |
| Anna godtgjersle | 87 | 0 | 0 | 0 |

Vedtekne honorarsatsar pr. år for tillitsvalde i banken:

| | |
|--|-----------|
| Styreformann | kr 60 000 |
| Nestformann i styret | kr 48 000 |
| Styremedlem | kr 42 000 |
| Formann i representantskapet | kr 12 000 |
| Medlem i representantskapet (pr. møte) | kr 950 |
| Formann i kontrollnemnd | kr 18 000 |
| Medlem i kontrollnemnd | kr 15 000 |

Det er ikkje avtalt noka form for særskild vederlag ved opphøyr eller endring av tilsetjings-tilhøve til dagleg leiar eller til formann i styret, og det er heller ikkje avtalt spesielle former for bonus, overskotsdeling, opsjonar eller liknande til fordel for desse.

Banken har ikkje inngått avtalar med tilsette eller tillitsvalde knytt til teikningsrettar, opsjonar eller tilsvarande rettar til kjøp eller sal av aksjar.

| | |
|--|-----|
| Antal årsverk i banken pr. 31.12 | 23 |
| Kostnader til rentesubsidiering av lån til tilsette i rekneskapsåret | 126 |

Note 5 Andre driftskostnader

| | 2007 | 2006 |
|----------------------------------|--------------|--------------|
| Driftskostnader faste eigedomar | 1 404 | 1 300 |
| Andre driftskostnader | 2 951 | 3 263 |
| Sum andre driftskostnader | 4 355 | 4 563 |

Godtgjersle til ekstern revisor (inkl. meirverdiavgift)

| | | |
|----------------------------|-----|-----|
| Lovpålagd revisjon | 155 | 160 |
| Andre attestasjonstenester | 50 | 17 |

Note 6 Tap på utlån og garantiar

| | 2007 | 2006 |
|--|--------------|--------------|
| Endring i individuelle nedskrivningar | 4 898 | - 2 380 |
| Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar | - 540 | 791 |
| Endring i gruppevise nedskrivningar | - 7 500 | 2 400 |
| Konstaterte tap som det tidlegare år er nedskrive for | 5 731 | 1 184 |
| Årets konstaterte tap som det tidlegare år ikkje er nedskrive på | 17 | 0 |
| Inngang på tidlegare års avskrivne tap | - 159 | - 44 |
| Sum tap på utlån og garantiar | 2 447 | 1 951 |

Sum tap gjeld tap på utlån til kundar.



Note 7 Skatt på ordinært resultat

| | 2007 | 2006 |
|--|---------------|---------------|
| Utrekning av betalbar inntektsskatt | | |
| Resultat før skattekostnad | 29 053 | 27 610 |
| Kostnader utan skattefrådrag | 40 | 59 |
| Ikkje skattepliktig inntekt | - 2 457 | - 5 003 |
| Endring i mellombelse skilnader | 5 074 | 3 334 |
| Sum skattegrunnlag | 31 710 | 26 000 |
| Betalbar skatt 28% | 8 900 | 7 280 |
| Årets skattekostnad | | |
| Betalbar inntektsskatt | 8 900 | 7 280 |
| For lite avsett skatt forrige år | 20 | 18 |
| Endring utsett skatt | - 1 237 | - 2 120 |
| Sum årets skattekostnad | 7 683 | 5 178 |

| Spesifikasjon av grunnlag for utsett skattefordel / utsett skatt: | 31.12.07 | 31.12.06 | Endring |
|---|--------------|------------|----------------|
| Skilnader som kan utliknast | | | |
| Obligasjonar | - 63 | 546 | - 609 |
| Anleggsmidlar | - 3 396 | - 3 074 | - 322 |
| Sum skattereduserande skilnader | - 3 459 | - 2 528 | - 931 |
| Utsett skattefordel, 28% | - 969 | - 708 | - 261 |
| Skilnader som ikkje kan utliknast | | | |
| Pensjonsmidlar | - 4 516 | - 2 638 | - 1 878 |
| Prinsippendring ny utlånsføresegn | 4 825 | 6 433 | - 1 608 |
| | 309 | 3 795 | - 3 486 |
| Utsett skatt, 28% | 87 | 1 063 | - 976 |
| Netto utsett skattefordel | - 882 | 355 | - 1 237 |

Note 8 Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar

| | 2007 | 2006 |
|---|---------------|---------------|
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid | 41 229 | 49 377 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid | 0 | 0 |
| Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 41 229 | 49 377 |

Note 9 Utlån til og fordringar på kundar

| | 2007 | 2006 |
|--|------------------|------------------|
| Kasse-, drifts- og brukskredittar | 43 393 | 26 456 |
| Byggelån | 32 156 | 15 172 |
| Nedbetalingslån | 1 904 489 | 1 728 326 |
| Brutto utlån | 1 980 038 | 1 769 954 |
| Nedskrivningar på individuelle utlån | - 30 174 | - 25 643 |
| Nedskrivningar på grupper av utlån | - 10 506 | - 18 006 |
| Sum netto utlån og fordringar på kundar | 1 939 358 | 1 726 305 |

Utlån og garantiar fordelt på marknader

| | Brutto utlån 2007 | Brutto utlån 2006 | Garantiar 2007 | Garantiar 2006 |
|------------------|----------------------|----------------------|-------------------|-------------------|
| Voss og omland | 1 465 764 | 1 301 645 | 48 055 | 32 971 |
| Resten av landet | 514 274 | 468 309 | 0 | 0 |
| Sum | 1 980 038 | 1 769 954 | 48 055 | 32 971 |

Utlån, garantiar og misleghaldne engasjement fordelt på nærings- og privatkundar

| | Nærings- kundar 2007 | Nærings- kundar 2006 | Privat kundar 2007 | Privat kundar 2006 |
|---------------------------------|----------------------------|----------------------------|--------------------------|--------------------------|
| Brutto utlån | 544 936 | 467 027 | 1 435 102 | 1 302 927 |
| Garantiar | 47 305 | 32 266 | 750 | 705 |
| Misleghaldne engasjement | 24 660 | 6 963 | 8 948 | 5 499 |
| Unytta kassakreditt og liknande | 70 171 | 120 913 | 21 168 | 20 818 |
| Tapsutsette engasjement | 81 913 | 94 822 | 9 062 | 18 871 |
| Individuelle nedskrivningar | 26 504 | 19 564 | 3 670 | 6 079 |

Utlån fordelt på risikogrupper

Næringskunder

| Risikoklasse | Kl. | Brutto utlån | Garantiar | Unyttet kassa-kr. og likn. | Individuelle nedskrivningar |
|------------------------------------|-----|----------------|---------------|----------------------------|-----------------------------|
| Låg risiko | A | 134 542 | 20 752 | 14 992 | 0 |
| Middels risiko | B | 276 482 | 17 657 | 38 229 | 3 001 |
| Høg risiko | C | 74 460 | 2 218 | 1 863 | 24 363 |
| Ikkje klassifisert | | 59 452 | 6 678 | 15 087 | 1 598 |
| Amortiseringseffekt nedskrivningar | | 0 | 0 | 0 | - 2 458 |
| Sum | | 544 936 | 47 305 | 70 171 | 26 504 |

Privatkunder

| Risikoklasse | Kl. | Brutto utlån | Garantiar | Unyttet kassa-kr. og likn. | Individuelle nedskrivningar |
|------------------------------------|-----|------------------|------------|----------------------------|-----------------------------|
| Låg risiko | A | 166 267 | 317 | 1 493 | 0 |
| Middels risiko | B | 655 003 | 150 | 5 567 | 617 |
| Høg risiko | C | 260 590 | 0 | 6 939 | 2 151 |
| Ikkje klassifisert | | 353 242 | 283 | 7 169 | 1 030 |
| Amortiseringseffekt nedskrivningar | | 0 | 0 | 0 | - 128 |
| Sum | | 1 435 102 | 750 | 21 168 | 3 670 |

Næringskunder

Alle næringskunder med engasjement over 1 mill. kr vert risikoklassifisert. Klassifisering av næringskunder skjer på grunnlag av kunden si økonomiske stilling og verdi av trygd i depot. Klassifisering av økonomisk stilling skjer på grunnlag av utrekna nøkkeltal for likviditet/soliditet og rentabilitet, som tel 50% kvar.

Personkunder

Alle personkunder med engasjement over 750.000 kr vert risikoklassifisert. Risikoklassifisering skjer etter belåningsgrad og verdi av trygd i depot.

Prising av risiko

Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko. Dette gjeld begge risikogrupper.

Forskyvingar mellom risikogrupper gjennom året

Det har berre vore uvesentlege forskyvingar mellom risikogrupper i året.

Forventa tap i høve til forventa renteinntekter

Dei forventa årlege renteinntektene vil for kvar risikoklasse overstiga dei forventa tapa.

Totalt misleghaldne og andre tapsmerka engasjement

| | 2007 | 2006 | 2005 | 2004 | 2003 |
|--|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Brutto misleghaldne lån | 33 608 | 12 462 | 1 454 | 8 177 | 15 328 |
| Individuelle nedskrivningar | 9 046 | 5 233 | 346 | 1 617 | 3 035 |
| Netto misleghaldne lån | 24 562 | 7 229 | 1 108 | 6 560 | 12 293 |
| Andre tapsmerka engasjement | 90 975 | 113 693 | 157 071 | 131 610 | 126 287 |
| Individuelle nedskrivningar | 21 128 | 20 410 | 29 481 | 22 257 | 20 226 |
| Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån | 69 847 | 93 283 | 127 590 | 109 353 | 106 061 |
| Netto tapsutsette engasjement | 94 409 | 100 512 | 128 698 | 115 913 | 118 354 |

Individuelle og gruppevise nedskrivningar på utlån til og fordringar på kunder

Individuelle nedskrivningar

| | 2007 | 2006 |
|--|---------------|---------------|
| Individuelle nedskrivningar pr. 01.01 | 25 643 | 26 817 |
| Konstaterte tap i perioden der det tidlegare er føreteke individuelle nedskrivningar | - 5 731 | - 1 184 |
| Endring individuelle nedskrivningar i perioden | 7 189 | 1 308 |
| Nye individuelle nedskrivningar i perioden | 16 019 | 2 476 |
| Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar i perioden | - 12 579 | - 4 565 |
| Endring amortiseringseffekt på individuelle nedskrivningar | - 367 | 791 |
| Individuelle nedskrivningar pr. 31.12 | 30 174 | 25 643 |

Det er ikkje føreteke individuelle nedskrivningar på utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar eller på garantiansvar.

Gruppevise nedskrivningar

| | 2007 | 2006 |
|--|---------------|---------------|
| Gruppevise nedskrivningar pr. 31.12 | 18 006 | 20 636 |
| Prinsippendring 01.01.06 ny utlånsføresegn | 0 | - 5 030 |
| Endring i gruppevise nedskrivningar i perioden | - 7 500 | 2 400 |
| Gruppevise nedskrivningar pr. 31.12 | 10 506 | 18 006 |

Påløpne, ikkje inntektsførte renter

| | | |
|---|--------------|------------|
| Påløpne, ikkje inntektsførte renter på balanseført utlån pr. 01.01 | 2007 | 2006 |
| | 628 | 135 |
| Inntektsføring av tidlegare periodar sine renter på utlån | - 317 | - 70 |
| Påløpne, ikkje inntektsførte renter på utlån som har gått ut av balansen | 0 | 0 |
| Perioden sine påløpne, ikkje inntektsførte renter på utlån som er identifisert som tapsutsett | 910 | 563 |
| Påløpne, ikkje inntektsførte renter på balanseført utlån pr. 31.12 | 1 221 | 628 |

Forventa nivå på tap dei neste 2 åra

Banken sin kredittisiko vert overvaka gjennom rapport over misleghaldne engasjement og jamnleg gjennomgang og vurdering av risikoklassifisering. Tapsutsette engasjement vert ekstra overvaka.

Når det gjeld framtidige tap i banken sin næringsportefølje forventar vi eit tapsnivå på linje med bokført tap i år. For privatmarknaden er situasjonen den same. Av konstaterte tap i år på 5,7 mill. kr skriv 4,7 mill. kr seg frå næringsporteføljen og 1 mill. kr frå privatmarknaden. Brutto utlån fordelt på risikogrupperne utgjer 27,4% for næringskundar og 72,6% for privatkundar. Storparten av tapsnedskrivningane som er gjort, gjeld tapsnedskrivningar i risikoklasse C, d.v.s høg risiko.

Note 10 Lån til tilsette og tillitsvalde samt nærstående av desse**Tilsette**

| | |
|--------------|-------|
| Sum tilsette | 2007 |
| | 7 233 |

Lån til tilsette er ytt på generelle vilkår for tilsette i banken fastsett i intern avtale.

Tillitsvalde

| | |
|---|-------|
| Medlemer i representantskapet og kontrollnemnda | 2007 |
| | 1 656 |
| Medlemer i styret | 1 781 |

Vilkår og krav til trygd for tillitsvalde og som ikkje er tilsette, er i samsvar med gjeldande regelverk.

Note 11 Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning**Sertifikat og obligasjonar som inngår i handelsporteføljen**

| Handelsportefølje | Kost- pris | Verkeleg verdi | Bokført verdi | Gjennomsn. effektiv rente |
|------------------------------|---------------|-------------------|------------------|------------------------------|
| Utstedt av andre | 2 563 | 2 500 | 2 500 | 5,67% |
| Sum handelsportefølje | 2 563 | 2 500 | 2 500 | 5,67% |
| Herav børsnoterte verdipapir | 2 563 | 2 500 | 2 500 | 5,67% |

Banken har ikkje sertifikat og obligasjonar som er omløpsmidlar utanom handelsporteføljen.

Sertifikat og obligasjonar som er anleggsmidlar

| Anleggsmidlar | Skildnad bf.v og pålydande | Kost- pris | Verkeleg verdi | Bokført verdi | Gjennomsn. effektiv rente |
|------------------------------|-------------------------------|---------------|-------------------|------------------|------------------------------|
| Utstedt av andre | -358 | 92 143 | 92 130 | 92 143 | 8,32% |
| Sum anleggsmidlar | -358 | 92 143 | 92 130 | 92 143 | 8,32% |
| Herav børsnoterte verdipapir | -358 | 92 143 | 92 130 | 92 143 | 8,32% |

Behaldning av anleggsobligasjonar er ikkje skrive ned då desse skal haldast til forfall, og verdifallet er betrakta som forbigåande.

Samla sum sertifikat og obligasjonar

| | Kost- pris | Verkeleg verdi | Bokført verdi | Gjennomsn. effektiv rente |
|---------------------------------------|---------------|-------------------|------------------|------------------------------|
| Utstedt av andre | 94 706 | 94 630 | 94 643 | 8,01% |
| Sum sertifikat og obligasjonar | 94 706 | 94 630 | 94 643 | 8,01% |
| Herav børsnoterte verdipapir | 94 706 | 94 630 | 94 643 | 8,01% |

Alle sertifikat og obligasjonar er i norsk valuta.

Alle verdiendringar på sertifikat og obligasjonar i løpet av året er resultatført. Sjå også note 3.

Gjennomsnittleg effektiv rente er rekna ut frå innbetalte renter i løpet av året sett i høve til gjennomsnittleg bokført verdi av porteføljen.

Behaldningsendring obligasjonar som er anleggsmidlar

| | |
|-----------------------------------|---------------|
| Inngåande balanse pr. 01.01 | 2007 |
| | 1 044 |
| Tilgang | 0 |
| Avgang | - 30 437 |
| Reklassifisering | 121 536 |
| Periodisering over-/underkurs | 0 |
| Nedskrivning i rekneskapsåret | 0 |
| Utgåande balanse pr. 31.12 | 92 143 |

Note 12 Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning

| | |
|--|---------------|
| | 2007 |
| Aksjar, andelar og grunnfondsbevis som inngår i handelsporteføljen | 11 692 |
| Aksjar, andelar og grunnfondsbevis som er omløpsmidlar utanom handelsporteføljen | 0 |
| Aksjar og andelar som er anleggsmidlar | 13 276 |
| Sum aksjar, andelar og grunnfondsbevis | 24 968 |

Aksjar, andelar og grunnfondsbevis

| | Tal aksjar | Eigarandel i prosent | Kost- pris | Verkeleg verdi | Bokført verdi |
|---|---------------|-------------------------|---------------|-------------------|------------------|
| Aksjar - handelsportefølje | | | | | |
| Oddfjell ASA B | 5 000 | 0,0237 | 510 | 355 | 355 |
| Statoil Hydro ASA | 10 | 0,0000 | 1 | 2 | 2 |
| Oslo Børs Holding ASA | 22 740 | 0,4548 | 432 | 3 297 | 3 297 |
| Andre aksjar, ikkje spesifisert | | | 550 | 642 | 642 |
| Grunnfondsbevis - handelsportefølje | | | | | |
| Indre Sogn Sparebank | 2 600 | 0,4111 | 402 | 286 | 286 |
| Sparebanken Rogaland | 10 808 | 0,0305 | 384 | 716 | 716 |
| Sparebanken NordNorge | 3 055 | 0,0182 | 239 | 388 | 388 |
| Sandnes Sparebank | 5 604 | 0,0836 | 772 | 958 | 958 |
| Hol Sparebank | 1 900 | 0,4750 | 200 | 223 | 223 |
| Aksjefond - handelsportefølje | | | | | |
| Skagen Vekst | 774 | - | 1 040 | 1 176 | 1 176 |
| Skagen Global | 1 556 | - | 1 103 | 1 267 | 1 267 |
| Skagen KonTiki | 5 247 | - | 1 792 | 2 382 | 2 382 |
| Sum aksjar, andelar og grunnfondsbevis - handelsportefølje | | | 7 425 | 11 692 | 11 692 |
| Herav børsnoterte verdipapir | | | 3 490 | 6 867 | 6 867 |
| Aksjar som er anleggsmidlar | | | | | |
| Diverse aksjar | | | 13 276 | | 13 276 |
| Sum aksjar som er anleggsmidlar | | | 13 276 | | 13 276 |
| Herav børsnoterte verdipapir | | | 0 | | 0 |
| Sum aksjar, andelar og grunnfondsbevis | | | 20 701 | | 24 968 |

Alle verdiendringar på aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis i løpet av året er resultatført. Sjå også note 3.

Behaldningsendringar aksjar og andelar som er anleggsmidlar

| | |
|---|---------------|
| | 2007 |
| Inngående balanse pr. 01.01 | 8 183 |
| Tilgang | 5 093 |
| Avgang | 0 |
| Reklassifisering | 0 |
| Nedskrivning / reversering i rekneskapsåret | 0 |
| Utgående balanse pr. 31.12 | 13 276 |



Note 13 Varige driftsmidler

| | Utstyr og transportm. | Fast eiendom | Sum |
|---|--------------------------|--------------|--------------|
| Kostpris pr. 01.01 | 8 491 | 3 542 | 12 033 |
| Tilgang | 258 | 0 | 258 |
| Avgang til kostpris | - 798 | 0 | - 798 |
| Kostpris pr. 31.12 | 7 951 | 3 542 | 11 493 |
| Akkumulerte av- og nedskrivningar pr. 31.12 | 7 171 | 2 659 | 9 830 |
| Bokført verdi pr. 31.12 | 780 | 883 | 1 663 |
| Ordinære avskrivningar i år | 1 039 | 171 | 1 210 |

Banken sine eigedomar vert kun nytta i eiga næring.

Note 14 Forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter

| | 2007 | 2006 |
|---|---------------|--------------|
| Opptente, ikkje mottekne inntekter | 12 627 | 7 468 |
| Overfinansiering av pensjonsforplikting | 0 | 1 332 |
| Andre forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader | 68 | 68 |
| Sum forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter | 12 695 | 8 868 |

Note 15 Innskot frå og gjeld til kundar og kredittinstitusjonar

| | 2007 | Eff. rente | 2006 |
|---|---------|------------|---------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar med avtalt løpetid | 5 000 | 4,33% | 75 000 |
| Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid | 937 551 | 2,00% | 908 886 |
| Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid | 650 239 | 4,09% | 532 223 |
| Sertifikatgjeld | 100 000 | 4,51% | 100 000 |
| Obligasjonsgjeld | 277 500 | 5,20% | 150 000 |

Effektiv rente er berekna på grunnlag av bokført renteinntekt mot gjennomsnittleg saldo gjennom året.

Av sertifikatgjelda forfell 50 mill. kr den 16.05.08 og 50 mill. kr den 04.12.08.
Av obligasjonsgjelda forfell 127,5 mill. kr den 14.02.08 og 150 mill. kr den 22.03.10.
Banken har ikkje innskot og gjeld til kundar i utanlandsk valuta.

Note 16 Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar

| | 2007 | 2006 |
|---|--------------|--------------|
| Pensjonsforplikting | 4 516 | 3 970 |
| Utsett skatt | 0 | 355 |
| Sum avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 4 516 | 4 325 |

Banken har ei kollektiv pensjonsordning for 26 tilsette. I tillegg har banken forpliktingar, knytta til AFP-ordning for tilsette, som det er gjort avsetjing for. Desse ordningane stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Estimerte verdiar som vert nytta ved måling av påløpne forpliktingar vert kvart år korrigerate i samsvar med oppgåve over pensjonsmidlane sin flytteverdi og aktuarberekning av storleiken på forpliktinga.

Fylgjande faktorar er lagt til grunn for utrekning av forpliktinga knytta til pensjonar

| | 2007 | 2006 |
|---|--------|--------|
| Diskonteringsrente | 6,00% | 6,00% |
| Årleg lønsvekst | 3,00% | 3,00% |
| Årleg auke i Folketrygda sitt grunnbeløp, G | 3,00% | 3,00% |
| Årleg regulering av pensjonar | 3,00% | 3,00% |
| Forventa avkastning på pensjonsmidlane | 7,00% | 7,00% |
| Forventa uttak AFP frå fylte 62 år | 50,00% | 50,00% |
| Forventa avgang tilsette vert gradert frå 8% for aldersgruppe 20-24 år og ned til 0% for 51-åringar og eldre. | | |

Pensjonskostnader i året

| | 2007 | 2006 |
|---|--------------|--------------|
| Noverdi av pensjonar opptent i perioden | 752 | 809 |
| Rentekostnader av påløpne forpliktingar | 1 261 | 1 262 |
| Forventa avkastning på pensjonsmidlane | - 1 348 | - 1 356 |
| Netto pensjonskostnader i året | 665 | 715 |
| Løpande kostnader AFP | 72 | 59 |
| Resultatførte estimatavik | 1 583 | 305 |
| Netto pensjonskostnader | 2 320 | 1 079 |

Sikra og usikra pensjonsforplikting

| | Sikra | Usikra |
|--|--------------|----------------|
| Noverdi av opptente pensjonsytningar | - 20 815 | - 3 778 |
| Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) | 20 609 | 0 |
| Netto pensjonsmidlar | - 206 | - 3 778 |
| Ikkje resultatførte estimatavik | 0 | 0 |
| Arbeidsgevaravgift | 0 | - 533 |
| Balanseført pensjonsforplikting | - 206 | - 4 311 |

Note 17 Ansvarleg lånekapital

| Forfallsstruktur | Rentesats | 2007 | 2006 |
|-------------------------|--|--------|-------|
| Forfall 15.06.2015, NOK | NIBOR + 1,00% justering kvartalsvis | 25 000 | 25 00 |

Kostnader med administrasjon av ansvarleg lånekapital er uvesentleg.

Note 18 Eigenkapital

Banken sin aksjekapital på NOK 9 500 000 består av 95 000 aksjar à kr 100,- pr. aksje.

Banken sine vedtekter § 8-6 har fylgjande reglar om stemmerett:

"I generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine egne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansinstitusjonslova §2-6.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 10 aksjar gjev 1 røyst
- 11 - 20 aksjar gjev 2 røyster
- 21 - 40 aksjar gjev 3 røyster
- 41 - 100 aksjar gjev 4 røyster

Fleire enn 100 aksjar gjev 5 røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha."

| Aksjonærer som eig meir enn 1% av aksjane i banken | Antal aksjar | Eigarandel |
|--|--------------|------------|
| Voss Sparebank | 9 499 | 10,00% |
| Sparebanken Vest | 9 499 | 10,00% |
| MP Pensjon | 4 080 | 4,29% |
| Sparebanken Rogaland | 3 661 | 3,85% |
| August Ringvold Agenturer | 1 854 | 1,95% |
| Haugaland Kraft, Pensjonskasse | 1 785 | 1,88% |
| Børge Døskeland | 1 666 | 1,75% |
| Joh. Rasmussen & Racine AS | 1 000 | 1,05% |

Aksjar eigd av tillitsvalde og personleg nærstående av desse

Styremedlemer

| | | | |
|--------------------|-----|----------------------|----|
| Fretheim, Norvald | 3 | Tennebekk, Åse Karin | 54 |
| Kvarekval, Lars I. | 458 | Ullestad, Anders | 30 |
| Lødemel, Jorunn | 6 | | |

Representantskapet og kontrollnemnda

| | | | |
|----------------------|-----|-------------------------|-----|
| Bjørke, Arnstein | 849 | Loven, Olav | 188 |
| Brekke, Olborg | 26 | Røystrand, Magne | 24 |
| Bryn, Gunn Bjørg | 42 | Senderud, Johan | 66 |
| Baartvedt, Kjell Ove | 18 | Skeie, Gunnar | 30 |
| Dyrud, Olav | 136 | Slettemark, Reidun | 20 |
| Fostås, Svein | 272 | Røthe, Randi Kirsten F. | 70 |
| Gjerde, Bård | 157 | Tveit, Mons | 301 |
| Kvarme, Irene | 29 | Vikan, Grete Marie | 25 |
| Lemme, Lars Even | 273 | | |

Endring i eigenkapitalen

| | Aksje- kapital | Anna eigenkapital | Sum eigenkapital |
|-------------------------------|-------------------|----------------------|---------------------|
| Eigenkapital pr. 01.01 | 9 485 | 185 191 | 194 676 |
| Resultat i året | | 21 370 | 21 370 |
| Eigne aksjar | 9 | 187 | 196 |
| Utbytte | | - 5 890 | - 5 890 |
| Eigenkapital pr. 31.12 | 9 494 | 200 858 | 210 352 |

Kjøp / sal av egne aksjar

Styret i banken fekk i generalforsamlinga 23.03.07 løyve til å handla egne aksjar inntil 9.500 som er 10% av aksjekapitalen. Fullmakta ga styret høve til å handla egne aksjar innanfor eit kursområde på mellom kr 2.000 og kr 3.500 pr. aksje. Bakgrunnen for styret sitt ynskje er at dei ynskjer ei slik fullmakt for å gje administrasjonen mogelegheita til å kunna hjelpa kundar til å få omsett småpostar av aksjar. Ein ynskjer òg å stimulera tilsette til å kjøpa aksjar i banken. Fullmakta gjeld eit år, fram til neste generalforsamling.

| | Antal | Snittkurs | Verdi |
|--------------------------------------|-----------|-----------------|------------|
| Eigne aksjar pr. 01.01 | 151 | 1 687,22 | 255 |
| Kjøpte aksjar i år | 56 | 2 623,57 | 147 |
| Selde aksjar i år | - 144 | 2 676,74 | - 385 |
| Vinst ved selde aksjar sidan starten | | | 148 |
| Eigne aksjar pr. 31.12 | 63 | 2 602,06 | 164 |



Note 19 Kapitaldekning

| | 2007 | Prosent | 2006 | Prosent |
|--|-----------|---------------|-----------|---------|
| Ansvarleg kapital | | | | |
| Bokført eigenkapital | 210 352 | 13,97% | 194 676 | 14,13% |
| Utsett skattefordel / overfin. pensjonsforplikting | - 882 | - 0,06% | - 959 | - 0,07% |
| Ansv. kap. andre finansinst. 50% | - 1 944 | - 0,13% | 0 | 0,00% |
| Sum kjernekapital | 207 526 | 13,78% | 193 717 | 14,06% |
| Tilleggskapital utover kjernekapitalen | | | | |
| Ansvarleg lånekapital | 25 000 | 1,66% | 25 000 | 1,81% |
| Reduksjonar 5 siste år | 0 | 0,00% | 0 | 0,00% |
| Netto ansvarleg lånekapital | 25 000 | 1,66% | 25 000 | 1,81% |
| Brutto ansvarleg kapital | 232 526 | 15,44% | 218 717 | 15,88% |
| Ansv. kap. andre finansinst. 50% | - 1 944 | - 0,13% | 0 | 0,00% |
| Netto ansvarleg kapital | 230 582 | 15,31% | 218 717 | 15,88% |
| Berekningsgrunnlag | | | | |
| Eignelutar frå balansen | 1 508 752 | | 1 262 411 | |
| Berekningsgrunnlag handelsporteføljen | 17 624 | | 141 745 | |
| Postar utanom balansen | 24 219 | | 19 146 | |
| Tapsnedskrivningar som ikkje kan reknast med | - 40 680 | | - 45 868 | |
| Ansv.kap. andre finansinstitusjonar | - 3 888 | | 0 | |
| Totalt berekningsgrunnlag | 1 506 027 | | 1 377 434 | |
| Kapitaldekning | | 15,31% | | 15,88% |

Note 20 Garantiar

| | 2007 | 2006 |
|---------------------------------------|---------------|---------------|
| Betalingsgarantiar | 20 514 | 11 687 |
| Kontraktsgarantiar | 17 096 | 11 250 |
| Garanti overfor Bankenes Sikringsfond | 0 | 0 |
| Andre garantiar | 10 445 | 10 034 |
| Sum garantiar | 48 055 | 32 971 |



Note 21 Finansiell risiko

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken i ein gitt situasjon ikkje er i stand til å refinansiera seg i tilstrekkeleg grad til at banken kan møte sine forpliktingar. Det er i hovudsak 3 tilhøve som har innverknad på likviditetsrisiko;

- 1) balansestruktur: Banken har liten skilnad i omløpsfart og bindingstid på aktiva og passiva, og har såleis eit lågt refinansieringsbehov.
- 2) likviditeten i marknaden: Denne er vurdert til god.
- 3) kredittverdigheit: Kredittverdigheit kjem til uttrykk gjennom banken sin rating. Viktige element i ratingen er banken sin soliditet, likviditet, inntening, risikoprofil og porteføljekvalitet. Banken er ratet på same nivå som bankar ein kan samanlikna seg med.

| Avtalt løpetid for hovudpostar i balansen | 0-1 mnd | 1-3 mnd | 3 mnd-1 år | 1-5 år | Over 5 år | Utan løpetid | Totalt |
|--|------------------|----------------|-----------------|-----------------|-------------------|----------------|------------------|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 126 988 | 126 988 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 41 229 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 41 229 |
| Utlån til og fordringar på kundar | 57 262 | 20 857 | 130 373 | 438 659 | 1 332 887 | 0 | 1 980 038 |
| - tapsnedskrivningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 40 680 | - 40 680 |
| Obligasjonar, sertifikat og liknande | 0 | 0 | 6 000 | 88 143 | 500 | 0 | 94 643 |
| Øvrige eignelutar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 40 208 | 40 208 |
| Sum eignelutar | 98 491 | 20 857 | 136 373 | 526 802 | 1 333 387 | 126 516 | 2 242 426 |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 5 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 000 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 1 587 790 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 587 790 |
| Obligasjonsgjeld | 0 | 127 500 | 100 000 | 150 000 | 0 | 0 | 377 500 |
| Øvrig gjeld | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 36 784 | 36 784 |
| Ansvarleg lånekapital | 0 | 0 | 0 | 0 | 25 000 | 0 | 25 000 |
| Eigenkapital | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 210 352 | 210 352 |
| Sum gjeld og eigenkapital | 1 587 790 | 132 500 | 100 000 | 150 000 | 25 000 | 247 136 | 2 242 426 |
| Netto likviditetseksponering på balansepostar | 1 489 299 | 111 643 | - 36 373 | -376 802 | -1 308 387 | 120 620 | 0 |

Kassekreditt er klassifisert med løpetid inntil 1 måned.

Renterisiko

Renterisiko oppstår som eit resultat av at rentebindingstida for banken si aktiva- og passivaside ikkje er samanfallande. Styringa av banken sine renterisiki skjer gjennom risikorammer gjeve av banken sitt styre. Banken har ingen utlån med fast rente.

| | 0-1 mnd | 1-3 mnd | 3 mnd-1 år | 1-5 år | Over 5 år | Utan rente-eksp. | Totalt |
|---|-----------------|----------------|-----------------|-----------------|-----------|------------------|------------------|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 126 988 | 126 988 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 41 229 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 41 229 |
| Utlån til og fordringar på kundar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 980 038 | 1 980 038 |
| - tapsnedskrivningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 40 680 | - 40 680 |
| Obligasjonar, sertifikat og liknande | 27 182 | 2 500 | 52 961 | 12 000 | 0 | 0 | 94 643 |
| Øvrige eignelutar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 40 208 | 40 208 |
| Sum eignelutar | 68 411 | 2 500 | 52 961 | 12 000 | 0 | 2 106 554 | 2 242 426 |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 5 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 000 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 587 790 | 1 587 790 |
| Obligasjonsgjeld | 0 | 377 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 377 500 |
| Øvrig gjeld | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 36 784 | 36 784 |
| Ansvarleg lånekapital | 0 | 25 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 25 000 |
| Eigenkapital | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 210 352 | 210 352 |
| Sum gjeld og eigenkapital | 0 | 407 500 | 0 | 0 | 0 | 1 834 926 | 2 242 426 |
| Netto renteeksponering på balansen | - 68 411 | 405 000 | - 52 961 | - 12 000 | 0 | - 271 628 | 0 |

Rentefølsemd

Resultatverknad ved renteendring på ein prosent

Handelsportefølje obligasjonar og sertifikat

11

Anleggsportefølje obligasjonar og sertifikat

314

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjør om lag 1,0 mill. NOK.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

| Alle tal i NOK 1 000. | 2007 | 2006 |
|--|-----------------|----------------|
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalinger | 127 037 | 85 764 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalinger | - 66 461 | - 30 644 |
| Andre innbetalinger | 2 230 | 2 267 |
| Driftsutbetalinger | - 28 908 | - 28 172 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 159 | 44 |
| Utbetalt utbytte | - 6 175 | - 5 225 |
| Betalte skattar | - 7 300 | - 6 103 |
| Tilført frå verksemda | 20 582 | 17 931 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån | -215 832 | - 210 708 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | 146 682 | 156 969 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | - 70 000 | - 29 433 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i sertifikatgjeld | 127 500 | 150 000 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | - 3 780 | 93 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | 95 685 | - 20 415 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 1 022 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | 14 | - 877 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar | 197 | - 67 |
| Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd | 80 466 | 46 584 |
| Investert i varige driftsmidlar | 460 | - 1 249 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 15 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | - 96 692 | 987 |
| Netto kontantstraum frå investeringar | - 96 232 | - 247 |
| Netto endring likvidar | 4 816 | 64 268 |
| Likviditetsbeholdning pr. 01.01 | 163 401 | 99 133 |
| Likviditetsbeholdning pr. 31.12 | 168 217 | 163 401 |
| Likviditetsbeholdning 31.12 består av | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 126 988 | 114 024 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 41 229 | 49 377 |
| Sum likviditetsbeholdning pr. 31.12 | 168 217 | 163 401 |



MELDINGAR

Revisjonsmelding for 2007

Me har revidert årsrekneskapen for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA for rekneskapsåret 2007 som syner eit årsoverskot på **kr. 21.369.533**. Me har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og opplysningar i notar. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og banksjef. Vår oppgåve er å vurdere og uttala oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Me har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, samt revisjonsstandarder vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at me planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken me treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det fylgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av formuesforvaltninga og rekneskaps- og internkontroll-systema. Me meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Me meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av banken si økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og om framlegg til nytting av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Voss, 31. januar 2008

Jostein Bøyum
Statsautorisert revisor

Melding frå kontrollnemnda

Kontrollnemnda har i 2007 føreteke dei kontrollane som nemnda er pålagt etter instruks og gjeldande lover.

Banken sine utlån og pengeplasseringar er kritisk vurdert.

Styreprotokollen, overtrekkslistene og listene over misleghaldne lån er gjennomgått.

Kontrollnemnda har gått gjennom årsmeldinga frå styret, årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Ein har ikkje noko å merka, og vil råda til at rekneskapen for 2007 vert godkjend slik den er oppsett av styret.

Voss, den 1. februar 2008

Gunnar Skeie
Formann

Olav Dyrud

Kjell Ove Baartvedt

Melding frå representantskapet

Rekneskapen for 2007 har vore handsama i representantskapsmøte den 20. februar 2008 saman med årsmelding frå styret, revisjonsmelding og melding frå kontrollnemnda.

Representantskapet rår til overfor årsmøtet at:

- rekneskapen for 2007 vert godkjent og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om
- 62 kr pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 26. mars 2008.

Voss, 20. februar 2008

Gunn Bjørg Bryn
Formann

REPRESENTANTSKAPET

Representantar for aksjonærane:

Medlemer:

- * Disponent Gunn Bjørg Bryn, Voss
- * Lærer Svein Fostås, Voss
- * Lensmann Kjell Ove Baartvedt, Voss
Fotograf Johan Senderud, Voss
- * Kjøpmann Mons Tveit, Voss
- * Kjøpmann Olav Loven, Voss
Gardbrukar Lars Even Lemme, Voss
- * Lærer Magne Røystrand, Granvin
Dagleg leiar Grete Marie Vikan, Voss
Forleggar Arnstein Bjørke, Bergen
(Næringsdrivande Bjørg Knapstad, Voss til 11.04.08)

Representantar for dei tilsette:

Medlemer:

- * Kundeandsamar Irene Kvarme, Vossestrand
- * Avdelingsleiar Bård Gjerde, Skulestadmo
- * Kundeandsamar Olborg Brekke, Voss
- * Kunderådgevar Reidun Slettemark, Voss

Formann i representantskapet:

- * Disponent Gunn Bjørg Bryn, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Bioingeniør Randi Kirsten Flatlandsmo Røthe, Voss
- * Marknadskonsulent Aud Almenningen, Modalen
- * Butikksjef Aud Eide, Voss
- * Reisebyråsjef Aud Grete Ekestad, Voss
- * Autorisert rekneskapsfører Bjarne Fosse, Voss
- * Gardbrukar Kjell Arne Lid, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Kundeandsamar Guri Selheim, Voss
- * Kundeandsamar Maritha Hefte, Voss
- * Kundeandsamar Nils Bjarne Gregersen, Voss
- * Kundeandsamar Liv Sekse, Voss

Varaformann i representantskapet:

- * Gardbrukar Lars Even Lemme, Voss

STYRET

Medlemer:

- * Avd.ing. Lars I. Kvarekval, Voss, formann
Kjøpmann Anders Ullestad, Voss, nestformann
- * Næringsdrivande Åse Karin Tennebekk, Voss
Rektor Jorunn Lødemel, Voss
- * Kunderådgevar Norvald Fretheim, Skulestadmo
(representant for dei tilsette)
(Banksjef Jan Arveschoug, Voss til 30.06.07)

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Gardbrukar Dagfinn K. Gjøstein, Skulestadmo
- * Næringsdrivande Bjørg Knapstad, Voss
- * Senior kunderådgevar Johanna Sølvsberg, Voss
(vararepresentant for dei tilsette frå 08.08.07)
(Avdelingsleiar Arild Stalheim, Skulestadmo
vararepresentant for dei tilsette til 30.06.07)

KONTROLLNEMNDA

Medlemer:

- * Advokat Gunnar Skeie, Nordheimsund
- * Lensmann Kjell Ove Baartvedt, Voss
- * Apotekar Olav Dyrud, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Autorisert rekneskapsfører Bjarne Fosse, Voss
- * Dagleg leiar Jan Geir Jensen, Voss

Tillitsvalde som er merkte med * står på val i 2008

Dei arbeider med straumen

Mølster Installasjon AS er ei moderne bedrift med ei historie som går tilbake til 1926. For seks år sidan kom nye eigarar inn, og formelt sett skipa dei eit heilt nytt selskap. Men namnet, som har slik ein god klang i lokale øyre, har dei halde på – nesten i alle fall.



EIGARANE: Arnstein Fosse (t.v.) og Olav Werner Skjoldli har gått gradene i Mølster Installasjon. I dag er dei likeverdige eigarar i selskapet som har 14 tilsette og ein årleg omsetnad på vel 13 millionar kroner.

Tekst og foto: Alf-Haakon Harlem

– Prosessen gjekk over fleire år, og då me fekk moglegheita til å overta for vel fem år sidan, var me klare og innstilte på jobben, fortel Olav Werner Skjoldli. Saman med Arnstein Fosse eig han Mølster Installasjon AS. Vossingar flest som kjenner litt til næringslivssoga i bygda, vil vita at her har me med ei gamal og tradisjonsrik verksemd å gjera. Dette er i og for seg rett, men likevel ikkje heilt presist. For då Skjoldli og Fosse overtok, etablerte dei eit nytt firma, Mølster Installasjon AS – eit namn som ligg tett opp til det gamle.

Det er ved Dugstadfossen verksemda held til, no som før. Då Voss Belysningsindustri avslutta drifta, overtok M. O. Mølster si installasjonsavdeling huset og bygde det om til sitt behov. Her var rikeleg med plass både til verkstad, kontor og lager – funksjonar som ikkje lenger er like viktige for verksemda. Administrasjonen er slanka og lagerhalde er redusert til eit minimum – det meste kan skaffast frå Bergen eller andre stadar over natta. – Jau, i dag har me alt for god plass, meir enn me treng, seier Skjoldli.

Om firmaet formelt sett ikkje er meir enn nokre få år gammalt, kan verksemda visa til ein over 80-årig tradisjon på Voss. Både Olav Werner Skjoldli (44) og Arnstein Fosse (37) har vore med og bore fram denne tradisjonen, med ei samla fartstid på 44 år i bedrifta der dei har gått gradene. Begge starta på golvet – som det heiter – har teke utdanning og vore lærlingar og har arbeidd som montørar. Fosse har seinare også skaffa seg autorisasjon som installatør.

Dei to eig like mykje i selskapet og saman har dei funne ei fordeling av oppgåver og ansvar som begge er godt nøgde med. Skjoldli er styreleiar og dagleg leiar. Fosse er nestleder i styret, medan far hans, Bjarne Fosse, er den tredje i styret. Fosse Sr var i mange år tilsett som verksemda sin rekneskapsfører. No har han etablert sitt eige rekneskapskontor, og har Mølster Installasjon som kunde.

Sidan Arnstein Fosse har autorisasjonen som installatør, fell mykje av ansvaret for det faglege på han.

– Elles deler me på oppgåvene slik det er praktisk og naturleg, seier Fosse.

– Samarbeidet går veldig greitt og Olav Werner og eg har enno til gode å vera usamde i noko vesentleg. Og stundom er eg glad for å kunna seia at: Nei, det får sjefen ta seg av, fortel han.



OPPDRAK FOR KOMMUNEN: Då Voss ungdomsskule vart bygd på 60-talet, hadde M.O. Mølster elektroarbeidet. Når ein av bygningane no vert renoverert meir enn 40 år seinare, er dei tilbake på same plassen. Her er montør Bjarne Djønnen i full sving.

VERKSEMDA HAR I DAG 14 tilsette. 12 av desse er ute i felten og arbeider med alle slags installasjonsoppdrag, og syter for ein omsetnad som dei siste åra har lege på vel 13 millionar kroner. Oppdraga er sterkt varierende, men arbeidsmengda har likevel vore stabil på grunn av den store aktiviteten i byggemarknaden. Sjølv sagt er det også ein føremon både i gode og mindre gode tider, å ha eit godt renommé bygd opp gjennom mange tiår.

Før Skjoldli og Fosse overtok samarbeidde verksemda ofte med kollegaen og konkurrenten Vangen Elektriske. Dette gav tyngd nok til at dei kunne ta på seg store oppdrag i samband med tunnelbygging. Frå Troms i nord til Rogaland i sør installerte dei ljøs i ei mengd vegtunnelar. Somme var store med prislappar på oppimot 20 millionar kroner.

DÅ FOSSE OG SKJOLDLI overtok gjorde dei òg nokre strategiske val. Eitt av dei var å stå over konkurransen om tunnelbelysning.

– Me valde å lata dei tunge prosjekta gå. Som nystarta ville me ikkje ta fatt på så store ting – og det har vist seg at me likevel har hatt meir enn nok å gjera. I dei åra me har drive på, har me heller ikkje hatt behov for å permittera nokon, seier Skjoldli.



FUNNE SEG SJØLV: Selskapet sin strategi er å vera oppdatert til ei kvar tid og å ta vare på dei faste kundane. Noko ynskje om å verta større enn i dag, har korkje Arnstein Fosse eller Olav Werner Skjoldli (stående.)



HENDIG: Handyman heiter apparatet som har forenkla den administrative kvardagen. Telefon, datamaskin og kamera er samla i ein liten elektronisk dings, og for å dokumentera at arbeidet er skikkeleg gjort, tek montør Bjarte Djonne bilete av det han har gjort.

– Mølster Installasjon tek på seg det meste, seier han vidare og nemner alle slags elektroinstallasjonar i bustader, hytter, industribygg og landbruksbygningar. Eit produktområde som er i vekst er sentrale anlegg for styring av varme, ventilasjon og lys.

– Alt vert regulert av ein pc. Ei slik investering som kan vera viktig for miljøet av di det fører til redusert forbruk av elektrisk kraft. Dette igjen vil også vera god økonomi for den enkelte. Innan landbruket arbeider me også mykje med brannvarslingsanlegg. Nye krav gjer seg gjeldande, og dei siste åra har me levert om lag 40 slike anlegg.

I EIN BRANSJE som dette, der dei tilsette arbeider kringom på ulike plassar – ofte på kortvarige oppdrag som skifter frå dag til dag, er kom-

munikasjon, dokumentasjon og styring svært viktig for å få ein effektiv arbeidsdag.

– I 2001 var verksemda tidleg ute med eit nytt verktøy som har gjort kvardagen enklare og som har effektivisert administrasjonen. Systemet heiter Handyman – og er ei mobil dataløysing. Alle tilsette har med seg eit apparat på storleik og utsjånad som ein mobiltelefon. I realiteten er det ein fullvaksen datamaskin, telefon og kamera i eitt. Alle oppdrag og arbeidsoppgåver vert logga inn her, saman med materiallistar, og tidsbruk. Me kan fylgja oppgåvene til ei kvar tid, og når jobben er gjort, er fakturagrunnlaget klart – saman med foto som dokumenterer korleis arbeidet er gjort. Med dette hjelpemiddelet sparer me mykje tid og det er ein av grunnane til at administrasjonen vår er redusert frå fem personar til to, fortel Skjoldli.

Sjølv om tidene har vore gode og tilhøva på Voss er stabile med stadig nye byggjeprojekt, er ikkje verksemda sin strategi tufta på krav om vekst.

– Det er ikkje noko poeng for oss å veksa og verta større. Me trivst godt med den storleiken verksemda har i dag, og har ryggrad til å tola eventuelle svingingar i marknaden, seier Skjoldli.

– Strategien vår er å halda oss oppdaterte på det som skjer og å vera tidleg ute når nye ting dukkar opp. Me har som mål å ta vare på dei faste kundane våre, og vera tilgjengelege for dei når dei treng oss, seier Fosse.

Det byrja i det små...

Som ofte er, byrja også M.O. Mølster i det små. Mannen bak namnet og verksemda var Mathias Olsen Mølster. Han var elektrikar og i 1926 starta han for seg sjølv heime i kjellaren. Etter ei tid kom også Lars Melve inn i firmaet som tre år etter krigen, under gjenreisninga av Vangen, bygde det første nye forretningsbygget i Uttrågata. Snart fekk dei fylgje av George Rokne & Co, og den gode naboskapen har i seinare tid utvikla seg til å verta eit tett forretningsmessig samliv.

I 1952 vart selskapet omgjort til AS. Mølster og Melve hadde ein tredel av aksjane kvar, medan Vekselbanken og Hans Jæger delte den siste tredelen. Forretningsbygget i Uttrågata vart etter kvart for lite for det ekspansive firmaet. Difor flytta installasjonsavdelinga til Skulestadmoen, til store, høvelege lokale som vart ledige då Voss Belysningsindustri innstilte aktiviteten sin. Huset, ei tidlegare tyskarbrakke, vart då bygd om og tilpassa installasjonsverksemda sine behov.

Det er Bjarne Melve, mangeårig leiar for verksemda som fortel dette. Alt som 15-åring byrja han å arbeida som elektrikar, og etter militærtjeneste og utdanning, kom han tilbake som installatør.

– Me dreiv ein komplett elektro-landhandel, med butikk, verkstad og installasjonsavdeling. Dette var på den tida då ting framleis vart reparerte. Noko av det me dreiv mykje med, var å vikla elektromotorar. I butikken var saueklyppemaskiner eit viktig produkt. Utviklinga i bygdva var stabil, med ei kontinuerleg utbygging. Sysselsetjinga var difor god og jamn, eg kan berre hugsa nokre få gonger me måtte lata folk gå på grunn av mangel på oppdrag, fortel Melve, som har leia ei verksemd med jamn og god økonomi.

– Me var aldri på minussida, men me tente heller aldri store pengar, seier han.

For å rydde vegen fram mot generasjonsskifte og nye eigarar, vart verksemda omorganisert i 1999. Installasjonsavdelinga, butikkdrifta og eigedomsforvaltninga vart då eigne, sjølvstendige selskap. Olav Werner Skjoldli og Arnstein Fosse overtok installasjonsverksemda i 2002 og førde drifta vidare i nyskipa Mølster Installasjon AS – eit firmanamn som til forveksling liknar det gamle. I fjor vart omstillingsprosessen slutført ved at naboen i Uttrågata, George Rokne & Co, kjøpte og overtok butikken, Mølster El-forretning. Formelt sett markerer dette slutten på eit stolt føretak, sjølv om aktiviteten held fram som før.



NYBYGG: Mot slutten av 40-talet, medan Uttågata framleis var ein grusveg, bygde M.O. Mølster det første nye forretningsbygget i denne gata. Her held Mølster El-Forretning framleis til.



Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
Telefax: 56 51 27 47
E-post: post@vekselbanken.no
Internett: www.vekselbanken.no

